



TILSTANDSRAPPORT

GRUNNSKULEN I MELAND

2016-2017

«Korleis kan det gode samfunn medverke til gode skular?»



På Vestbygd skule plantar to elevar eit bøketre saman med ordførar
(Markering av 20. års jubileum 14. september 2017)

(Foto: Reidun Elin Johannessen)

INNHOLD

1 Oppsummering	4
2 Innleiing	4
2.1 Lovforankring	5
2.2 Medverknad	5
2.3 Innhold	6
3 Fakta om opplæringa	6
4 Læringsmiljø.....	7
4.1 Oppdrag og mål for elevane sitt læringsmiljø.	7
4.2 Mobbing, trivsel og læring.....	8
4.3 Vurdering	10
5 Læringsresultat	12
5.1 Oppdrag og mål for elevane sitt læringsresultat.....	12
5.2 Eksamens 10. trinn	12
5.3 Grunnskulepoeng.....	13
5.4 Nasjonale prøvar 5. trinn	13
5.5 Nasjonale prøvar ungdomstrinnet	17
5.6 Vurdering	19
6 Ressursar.....	20
6.1 Drifts- og lønsutgiftEr.....	20
6.2 Årsverk, lærartettleik, godkjent utdanning og undervisningstimar.....	21
6.3 Spesialundervisning	22
7 Overgang til vidaregående skule	23
8 System for oppfølging.....	24
8.1 Internkontroll	24
8.2 Kompetanse og profesjonsfellesskap	24
8.3 Strategidokument	25
8.4 Rektormøte.....	25
8.5 «Kom nærare» - Dialogbasert styring	25
8.6 Innsatsområde - korrigerande tiltak	25

8.6.1	Elevane sitt psykososiale Skolemiljø	26
8.6.2	Satsing på realfag	26
8.6.3	Satsing på lesing.....	26
8.6.4	Satsing på tidleg innsats og tilpassa opplæring	27

1 OPPSUMMERING

Dei aller fleste elevane trivst på skulen i Meland. Resultat kan tyde på at skulane har lukkast med å skape læringsmiljø som det store fleirtalet av elevane opplever som positivt. Likevel er det ikkje alle som har det trygt og godt skulen - dei opplever mobbing og er misnøgde med skulen dei går på.

Resultat vurdert opp mot mål sett for grunnskulen viser ei positiv utvikling. Felles mål for skulane er 1) Betre resultat på nasjonale prøvar i lesing over fylkesnivå etter 2015, 2) Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing og 3) Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i rekning.

Utviklinga på 8. trinn 2015-2016 til 9. trinn 2016-2017 er positiv for både lesing og rekning. I lesing ligg resultatet for 9. trinn over nasjonalt nivå. Del av elevar på nivå 1 i lesing og rekning er redusert. Mykje kan tyde på at dei innsatsområda som er valt for skulane bør halde fram. Endring knytt til utviklingsarbeid i skulane bør ha eit langsigkt perspektiv.


«Å skape dialogarenaer tilrettelagt for innovasjon, felles kunnskapsutvikling og læring er viktig» (Hvordan lykkes som skoleeier? Kom nærmere!, 2010).



Utval for levekår gjennomførte ein work-shop (dialogmøte) 30. mai 2017. Formålet var finne fram til tiltak for å sikre at born og unge har eit trygt og godt skolemiljø – med nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. Bilete over viser resultat frå alle innspela som kom fram.

2 INNLEIING

Den årlege tilstandsrapporten er ein del av Meland kommune sitt kvalitetssikringssystem for grunnskulen.



Figur 1 Modell kvalitetsplan

Tilstandsrapporten er gjort på grunnlag av statistiske fakta om skulane sine ressursar og resultat frå prøvar, kartleggingar og undersøkingar. Tilstandsrapporten inneheld vurdering av desse og forslag til tiltak for forbetring.

2.1 LOVFORANKRING

Det er fastsett i opplæringslova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd).

Ansvar: «Kommunen (...) etter § 2-12 har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, under dette å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllast.

Kommunen (...) etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte. Kommunen (...) etter § 2-12 skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører med heimel i § 14-4. Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa (...), knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret (...)» (jf. opplæringslova § 13-10).

Skulebasert vurdering: «Skulen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skuleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene.» (Forskrift til opplæringslova § 2-1)

Rapportering frå kommunen og fylkeskommune: «Skuleeigaren skal medverke til å etablere administrative system og å innhente statistiske og andre opplysningar som trengst for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa». (Forskrift til opplæringslova § 2-2)

Den plikta skuleeigaren har til å utarbeide årleg rapport om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskulelova § 5-2 tredje ledd. Kravet til internkontroll omfattar alle pliktene som ligg til skuleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

2.2 MEDVERKNAD

Medverknad i utarbeiding av rapporten	Ja	Nei
Elevar og foreldre (f.eks. dialogmøte)		X
Organisasjonane (utkast gjennomgått og bedt om innspel) og Ungdomsrådet (gjennomgang)	X	
Skular (rektorane i rektormøte)	X	
Administrasjonen i kommunen	X	
Politikarane i kommunen (ULK og Kommunestyret får rapporten til drøfting)		X

2.3 INNHALD

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale *læringsresultat, fråfall og læringsmiljø*, men kan byggjast ut med annan omtale som skuleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skuleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skuleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skuleeigarar og skular blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp. Sektormål for grunnopplæringa for 2017 vedtatt i Stortinget i statsbudsjettet¹:

Elevene skal ha et godt og inkluderende læringsmiljø

Elevene skal mestre grunnleggende ferdigheter og ha god faglig kompetanse

Flere elever og læringer skal gjennomføre videregående opplæring

3 FAKTA OM OPPLÆRINGA

Skulane rapporterer årleg, i oktober, inn skulefakta til grunnskulane sitt informasjonssystem (GSI). Rapporteringa dannar grunnlaget for offentleg statistikk, SSB (Statistisk sentralbyrå) og Skuleporten (Udir). Datagrunnlaget gir opplysningar om status og utvikling.

Indikator og nøkeltall	2012–13	2013–14	2014–15	2015–16	2016–17
Talet på elevar	1 034	1 013	1 047	1 071	1 081
Talet på skular	5	5	5	5	5
Talet på lærarar med kontaktlærarfunksjon	67	64	65	67	68
Talet på lærarar	119	112	118	125	131

Meland kommune, Grunnskole, Elevar, lærarar, skular, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn


Tabell 1 Elevar, lærarar og skular

Tabell 1 viser talet på elevar, skular og lærarar i offentleg skule. Talet på elevar har stege jamnt over tid, med ein nedgang i 2013-2014.

¹ Stortingsmelding 21 (2016-2017) «Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen»

Elevtalsutvikling

(Kjelde: Udir, skoleporten)



Tabell 2 Tal på elevar

Tabell 2 opplyser om talet på elevar som er registrert i grunnskulen i Meland per 1. oktober det aktuelle skuleåret. Indikatoren omfattar born og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskuleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskule. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskuleopplæring. Friskulen er no større enn Meland ungdomsskule.

Av dei offentlege skulane har Sagstad og Grasdal skule hatt auke i elevtalet, mens dei andre har hatt ein nedgang. Rossland skule er ein 1 til 10-skule, der ungdomstrinnet får elevar frå både Rossland og Vestbygd skule. Skulen har nedgang i elevtalet, og har plass til fleire elevar på alle klasstrinna.

Forklaringa på nedgang i elevtal er at det vert bygd få nye bustader i krinsen, og grunngjevinga for dette er kapasiteten på vegen ut til Vikebø. Kommunen har mellom 60-70 elevar som vel friskule, størstedel av desse vel friskulen på Frekhaug (Danielsen ungdomsskule).

4 LÆRINGSMILJØ

Kapittelet om læringsmiljø har resultat og vurdering frå elevundersøkinga og frå Ungdata. Både Ungdata og elevundersøkinga har mange deltema. For å avgrense datamengda er nokon tema valt ut. Tema vert omtalt er mobbing, trivsel, elevdemokrati og vurdering for læring.

4.1 OPPDRAG OG MÅL FOR ELEVANE SITT LÆRINGSMILJØ.

I opplæringslova § 9A-2 står det: «*Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring*». I prinsipp for opplæringa s. 1 står det: «*(...) Lærarar skal saman med skoleleiinga fremme eit godt læringsmiljø for alle*»

I Meland kommune sin kommuneplan, samfunnssdel, for periodeen 2013-2025 står det at «*Meland skal ha ein god skule med læring og trivsel for alle*».


strategidokument er: 1) Nullvisjon på tal elevar som opplever mobbing på skulen» og 2) Vidareføre sosiale målsetjingar frå prosjekt «Betre Læringsmiljø (som handlar om å skape god kultur for læring)

4.2 MOBBING, TRIVSEL OG LÆRING

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Andel elever som har blitt mobbet av andre elever på skolen 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent)				
Meland kommune	5,8	4,4	4,3	⚡ 7,7
Hordaland fylke	5,4	4,9	4,8	⚡ 4,8
Nasjonalt	5,4	4,8	4,5	⚡ 5,5
Meland kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Alle eierformer, Trinn 7, Begge kjønn				

Tabell 3 Andel elevar. Mobbing 7. trinn

I tabell tre rapporterer **7,7 prosent** av elevar på **7. trinn** at dei blir mobba av andre elevar på skulen, 2-3 gonger i månaden eller oftare. Antall besvarte er 93 elevar (svarprosent 98,9). Tala lar seg ikkje samanlikna i tid då det er brot i tidsrekka.




Tabell 4 Tal på elevar. Mobbing 7. trinn. Haust 2016.

I tabell fire rapporterer 67 elevar (av 93) at dei ikkje vert mobba i det heile, og 17 (av 93) at dei blir mobba ein sjeldan gang. Resultat på spørsmål kor det er færre enn 5 respondentsvar, skal bli skjerma. Dette gjeld både ved visning av frekvens, prosent og gjennomsnitt.

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
Andel elever som har blitt mobbet av andre elever på skolen 2-3 ganger i måneden eller oftere (prosent)				
Meland kommune	5,8	8,0	6,3	⚡ 10,4
Hordaland fylke	5,2	4,7	3,7	⚡ 5,4
Nasjonalt	5,0	4,7	4,2	⚡ 5,1
Meland kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn				

Tabell 5 Mobbing 10. trinn

I tabell fire rapporterer **10,4 prosent** av elevar på **10. trinn** at dei bli mobba av andre elevar på skulen, 2-3 gonger i månaden eller oftare. Antall besvarte er 68 elevar (svarprosent 93,2). Tala lar seg ikkje samanlikna i tid då det er brot i tidsrekka.




Tabell 6 Tal på elevar. Mobbing. 10. trinn. Haust 2016

I tabell seks rapporterer 45 elevar (av 68) at dei ikkje vert mobba i det heile, 15 (av 68) at dei blir mobba ein sjeldan gang , og fire at dei vert mobba 2 eller 3 gangar i mnd. Resultat på spørsmål kor det er færre enn 5 respondentsvar, skal bli skjerma. Dette gjeld både ved visning av frekvens, prosent og gjennomsnitt.

Blir du sjølv utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Meland og i Noreg



Tabell 7 Ungdata 2017

I tabell fem frå Ungdata svarer **10 % av ungdomar** i Meland (8.-10. trinn) at dei om lag kvar 14. dag eller oftare opplever å bli plaga, utfrosne, utesegnde eller truga av andre på skulen eller fritida, mot 8 % for landet.


Elevundersøkelsen, Offentleg, Trinn 7	2014-2015	2015-2016	2016-2017	Snitt
Elevdemokrati og medvirkning - Meland kommune	3,5	3,6	3,4	3,5
Elevdemokrati og medvirkning - Hordaland fylke	3,7	3,8	3,8	3,8
Elevdemokrati og medvirkning - Nasjonalt	3,8	3,8	3,8	3,8
Trivsel - Meland kommune	4,3	4,5	4,4	4,4
Trivsel - Hordaland fylke	4,3	4,4	4,3	4,3
Trivsel - Nasjonalt	4,4	4,4	4,4	4,4
Vurdering for læring - Meland kommune	3,7	4,0	3,7	3,8
Vurdering for læring - Hordaland fylke	3,9	3,9	3,9	3,9
Vurdering for læring - Nasjonalt	4,0	3,9	3,9	3,9

Tabell 8 Elevundersøkelse

Tabell 6 viser at 7. trinn skuleåret 2016-2017 fortel om **trivsel på nivå med landet** og over nivå for fylket. Når det gjeld elevdemokrati og elevdeltaking (medverknad) ligg Meland under snitt for fylket og landet, lågast er elevdemokrati og medverknad.

Kor nøgd er du med skulen du går på?

Prosentdel av ungdomsskuleelevar i Meland og i Noreg



Tabell 9 Ungdata

I tabell sju viser resultat frå Ungdata at skulen er ein god plass – men ikkje for alle. **27 %** av ungdommane frå Meland svarer dei er **svært misnøgde eller litt misnøgde** med skulen dei går på, mot resten av landet som svarer 17 %.

4.3 VURDERING

Dei aller fleste elevane i trivst på skulen i Meland. Resultat kan tyde på at skulane i Meland har lukkast med å skape læringsmiljø som det store fleirtalet av elevane opplever som positivt. Likevel er det ikkje alle som har det trygt og godt skulen - dei opplever mobbing og er misnøgde med skulen dei går på.

Tall på elever som deltek elevundersøkinga har noko å sei for resultantane. Det er ofte større spreiing eller variasjon i svara jo mindre utvalet er. Det er viktig at resultat frå elevundersøkinga vert sett i samanheng med anna relevant lokalkunnskap om elevane sitt læringsmiljø. Skjedde det einskildepisodar på skulen rett før eller under gjennomføringa som kan ha påverka korleis elevene svarte på undersøkinga? Er miljøet på skulen generelt godt, eller veit rektor om einskildelevar eller grupper av elevar som sliter eller plagar andre? Tilbakemelding frå skulane etter at dei har vurdert sine tal, viser at det har vore einskild episodar og einskilde elevar på nokre av skulane rett før og under gjennomføring av undersøkinga.

Meland-skulen har over tid hatt eit særskilt fokus på det førebyggjande arbeidet og det å kunne følgje med og avdekke tidleg. Dette arbeidet kan ha ført til større openheit for å melde i frå, og at Meland i denne samanheng skil seg ut.

På forskning.no i artikkelen «Sånn får vi god skole, mener skoleforskeren» står det: « (...) Godt læringsmiljø er ikke noe kommunepolitikerne kan bevilge over skolebudsjettet, sier Thomas Nordahl. Det er noe elever, foreldre, lærere, skolemyndigheter og politikere skaper sammen, mener han. Forskar Thomas Nordahl nemner viktige moment for om ein elev skal ha eit godt læringsmiljø rundt seg:

1. **Å ha vener** - det er det aller viktigaste for mange unge menneske, det er viktigare enn skulen
2. Læraren er ein **god leiar**
3. Ein skule med **god struktur** – fellesskap som vert styrt av normer og reglar, areal som er ryddige og utstyr som ikkje er øydelagt
4. Foreldre viser **engasjement for skulen** og skullearbeid - unngå at elevar får negative haldningar til skule og skullearbeid
5. Elevane er **aktive og jobbar på skulen** – skal elevane få realisere sitt eige potensiale for læring, treng dei å vere aktive og jobbe
6. Skape **kultur for læring** – toleranse for feil, har forventingar, gi tilbakemeldingar og vise merksemd
7. **Lærarar samarbeider** om å drøfte eigen praksis – ut frå forskingsbasert kunnskap

På indikatoren **elevdemokrati og medverknad** skårar skulane samla under nivå for landet. I ny overordna del – verdiar og prinsipp - for grunnoplæringa (fastsatt 1. september 2017, dato for når den trer i kraft er ikkje satt enno) står det på s.9 siste avsnitt: «*Elevene skal erfare at de blir lyttet til i skolehverdagen, at de har reell innflytelse, og at de kan påvirke det som angår dem.* Dette er den delskåren som skulane samla skårer lågt på når det gjeld medverknad.

På indikatoren **vurdering for læring** skårar skulane samla under nivå for landet. På delskår (er ikkje tatt med i tabell over) «*Jeg får hjelpe av lærerne til å tenke gjennom hvordan jeg utvikler meg i faget*» ligg skulane samla (3,5) under nivå for landet (3,9) skuleåret 2015-2017. Dette er eit døme på kva vurdering for læring omhandlar.

Tala frå elevundersøkinga er analysert av rektorane på kvar skule saman med tilsette og rådsorganga. Rektorane har gjennomgått resultat med skulefageleg seniorrådgjevar, og nye og eksisterande tiltak er vurdert. Utval for levekår gjennomførte Work-shop 30. mai 2017 for å finne fram til ytterligare tiltak for å hindre at born og unge vert utsette for mobbing. Samla gir dette ny innsikt i korleis skulane kan justere praksis for å styrke arbeidet med skape ein god skule med læring og trivsel for alle.

5 LÆRINGSRESULTAT

Kapittelet inneholder resultat og vurdering fra utvalde standpunkt- og eksamenskarakterer og resultat fra grunnskolepoeng. Grunnskolepoeng er gjennomsnitt fra alle avsluttende karakterer som vert ført på vitnemålet. Til slutt resultat og vurdering av obligatoriske nasjonale prøvar for 5. trinnet og ungdomstrinnet.

5.1 OPPDRAG OG MÅL FOR ELEVANE SITT LÆRINGSRESULTAT

«*Opplæringa skal fremme allsidig utvikling hos elevane og utvikle kunnskapane og ferdighetene deira. Fellesskulen skal ha ambisjonar på vegne av elevane, gi dei utfordringar og mål å strekke seg mot. Samtidig skal skulen og lærebedrifta ta omsyn til at elevane har ulike føresetnader og ulik progresjon, slik at alle kan oppleve glede ved å meistre og å nå måla sine»* ([Prinsipp for opplæring](#) s. 1)

Meland kommune sin kommuneplan, samfunnsdel, for periodeen 2013-2025: «[**Meland skal ha ein god skule med læring og trivsel for alle**](#)». Mål for grunnskulane i Meland i rådmannen sitt strategidokument er: 1) Betre resultat på nasjonale prøvar i **lesing** over fylkesnivå etter 2015, 2) Løfte fleire elevar over meistrinsnivå 1 i **lesing** og 3) Løfte fleire elevar over meistrinsnivå 1 i **rekning**

5.2 EKSAMEN 10. TRINN

Eksamenskarakterar (offentleg)	2014-2015	2015-2016	2016-2017	Snitt
Matematikk skriftleg- Lindås kommune	2,5	3,0	3,0	2,8
Matematikk skriftleg - Meland kommune	2,4	2,6	3,4	2,8
Matematikk skriftleg - Radøy kommune	2,3	2,9	2,9	2,7
Matematikk munnleg - Lindås kommune	4,0	3,7	3,6	3,8
Matematikk munnleg - Meland kommune	4,0	4,4	4,0	4,1
Matematikk munnleg - Radøy kommune	4,2	4,3	4,4	4,3
Naturfag munnleg - Lindås kommune	4,2	4,0	4,3	4,2
Naturfag munnleg - Meland kommune	4,0	4,6	3,8	4,1
Naturfag munnleg - Radøy kommune	3,9		3,7	3,8
Norsk hovedmål skriftleg - Lindås kommune	3,3	.	3,2	3,3
Norsk hovedmål skriftleg - Meland kommune	3,0	2,9	3,5	3,1
Norsk hovedmål skriftleg - Radøy kommune	3,2	3,1	3,4	3,2
Norsk munnleg - Lindås kommune	4,4	4,5	4,4	4,4
Norsk munnleg - Meland kommune	4,5	4,5	4,2	4,4
Norsk munnleg - Radøy kommune	4,3	3,6	4,3	4,1
Norsk sidemål skriftleg - Lindås kommune	3,4	.	3,2	3,3
Norsk sidemål skriftleg - Meland kommune	3,0	2,4	3,9	3,1
Norsk sidemål skriftleg - Radøy kommune	3,2	3,1	3,5	3,3

Tabell 10 Eksamens

Tabell 8 viser gjennomsnittskarakterar for eksamen i faga matematikk, naturfag og norsk. Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane vert vist som gjennomsnitt med éin desimal. Snitt *matematikk skriftleg* for fylket og landet vår 2017 (ikkje vist i tabellen) er **3,4** og Meland ligg på snittet. Vi ligg høgare enn Lindås og Radøy og utviklinga er positiv. Snitt *sidemål skriftleg* for fylket og

landet vår 2017 (ikkje vist i tabellen) er **3,3**, og Meland ligg over snittet. Resultat har variert dei siste tre åra.

5.3 GRUNNSKULEPOENG

Grunnskulepoeng er gjennomsnitt frå alle avsluttande karakterar som vert ført på vitnemålet. Frå og med skuleåret 2014-2015 inngår standpunktakarakteren i valfag i berekninga av grunnskolepoeng. Det vert difor brot i tidsrekka og tala er ikkje samanliknbare med tidlegare år.

Indikator og nøkkeltall	2012–13	2013–14	2014–15	2015–16	2016–17
Grunnskolepoeng, gjennomsnitt					
Meland kommune	42,8	43,4	⚡ 40,9	43,0	42,9
Hordaland fylke	40,2	40,7	⚡ 41,3	41,5	41,7
Nasjonalt	40,0	40,3	⚡ 40,7	41,1	41,4

Meland kommune, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Tabell 11 Grunnskulepoeng (Meland, Hordaland, Nasjonalt)

Meland ligg over snitt for fylket og for landet dei siste to åra.

Grunnskolepoeng, Offentleg, Trinn 10,	2014–2015	2015–2016	2016–2017	Snitt
Lindås kommune	41,4	41,2	41,8	41,5
Meland kommune	40,9	43,0	42,9	42,3
Radøy kommune	40,9	41,6	40,5	41,0

Meland har høgare snitt på grunnskulepoeng dei siste tre åra samanlikna med Lindås og Radøy kommune

Tabell 12 Grunnskulepoeng (Meland, Lindås, Radøy)

5.4 NASJONALE PRØVAR 5. TRINN

Nasjonale prøvar i lesing og i rekning skal kartlegge i kva for ein grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for dei grunnleggjande ferdighetene lesing og rekning, slik dei er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i læreplanen, Kunnskapsløftet (LK06).


Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16	2016-17
Engelsk >			
Meland kommune	49 (92)	46 (102)	48 (115)
Hordaland fylke	49 (5 687)	49 (5 519)	49 (5 593)
Nasjonalt	50 (55 251)	50 (55 020)	50 (56 431)
Lesing >			
Meland kommune	48 (90)	47 (65)	49 (114)
Hordaland fylke	50 (5 660)	49 (5 442)	49 (5 616)
Nasjonalt	50 (54 413)	50 (54 043)	50 (56 503)
Regning >			
Meland kommune	49 (92)	46 (106)	48 (115)
Hordaland fylke	50 (5 740)	50 (5 571)	50 (5 667)
Nasjonalt	50 (55 705)	50 (55 490)	50 (57 025)
Meland kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn			

Tabell 13 Nasjonale prøver 5. trinn

Tabell 11 viser resultat frå nasjonale prøvar 5. trinn dei tre siste åra. I **lesing** ligg Meland på nivå for fylket det siste året. Resultat i **engelsk og rekning** har variert dei siste tre åra, og ligg i 2016-2017 under nivå for fylket og for landet.




Bilete viser elevar gjere forsøk på Grasdal skule sitt nye realfagsrom. Her på opning av nytt skulebygg 2. november 2017.



Meland kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Regning, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Tabell 14 Nasjonale prøver rekning 5. trinn mestringsnivå

Tabell 12 viser resultat fra **rekning 5. trinn** fordelt på **meistringsnivå**. Del på nivå 1 er redusert fra haust 2015 til 2016 og del ligg på 28,7 % mot 22,7 % på nasjonalt nivå. Fleire har oppnådd nivå 3 samanlikna med haust 2015 haust 2016.



Tabell 15 Nasjonale prøver Lesing 5. trinn mestringsnivå

Tabell 13 viser resultat frå **lesing 5. trinn** fordelt på **meistringsnivå**. Del på nivå 1 haust 2016 er på 27,2% og utviklinga har vore positiv samanlikna med haust 2015.

5.5 NASJONALE PRØVAR UNGDOMSTRINNET

Alle elevar som går ut av grunnskulen, skal mestre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet. Nasjonale prøvar i lesing og rekning kartlegg i kva grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik den er integrert i kompetanseomål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvane i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan 1) finne informasjon 2) forstå og tolke og 3) reflektere over og vurdere teksten si form og innhald.

Elevane sine resultat på nasjonale prøvar på ungdomstrinnet vert presenterte i ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Dei nasjonale prøvane i rekning dekker tre innhaldsområde: 1) tal 2) måling og 3) statistikk. Prøvane i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane nyttar rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar.

Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16	2016-17
Engelsk >			
Meland kommune	48 (64)	50 (73)	50 (83)
Hordaland fylke	49 (5 406)	50 (5 359)	50 (5 424)
Nasjonalt	50 (55 247)	50 (53 972)	50 (55 647)
Lesing >			
Meland kommune	49 (65)	50 (76)	51 (83)
Hordaland fylke	49 (5 430)	50 (5 363)	49 (5 434)
Nasjonalt	50 (55 272)	50 (53 593)	50 (55 677)
Regning >			
Meland kommune	49 (67)	49 (76)	50 (83)
Hordaland fylke	49 (5 400)	50 (5 356)	50 (5 432)
Nasjonalt	50 (55 394)	50 (54 074)	50 (55 801)

Meland kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 8, Begge kjønn

Tabell 16 Nasjonale prøvar (Engelsk, Lesing, Regning) 8. trinn

Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16	2016-17
Lesing >			
Meland kommune	53 (88)	52 (66)	55 (75)
Hordaland fylke	53 (5 727)	53 (5 363)	54 (5 413)
Nasjonalt	54 (57 104)	53 (54 383)	54 (54 244)
Regning >			
Meland kommune	52 (91)	52 (66)	53 (73)
Hordaland fylke	53 (5 704)	53 (5 375)	54 (5 389)
Nasjonalt	53 (57 145)	54 (54 781)	54 (54 283)


Meland kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn

Tabell 17 Nasjonale prøver (Lesing, Rekning) 9. trinn

Tabell 14 og 15 viser resultat frå nasjonale prøvar for ungdomstrinnet (8. og 9. trinn). I lesing og rekning blir det gjennomført nasjonale prøver også på 9. trinn. Elevane på 9. trinn gjennomfører same prøve som elevene på 8. trinn. Utvikling frå 8. trinn 2015-2016 til 9. trinn 2016-2017 er positiv for både lesing og rekning. I lesing ligg resultat for 9. trinn over nasjonalt nivå. Fordi elevane på 9.

trinn har gått eitt år lenger på skulen, og er eitt år eldre, samsvarer dette med vår forventning om at dei vil prestere betre på prøven enn elevane på 8. trinn.


Lesing - fordeling på mestringsnivåer



Tabell 18 Nasjonale prøver Lesing 9. trinn mestringsnivå

Tabell 16 viser at del elevar på **meistringsnivå 1** (9. trinn) i **lesing** er redusert frå haust 2015 til haust 2016, og ligg på nivå for fylket.

Regning - fordeling på mestringsnivåer



Tabell 19 Nasjonale prøver Rekning 9. trinn mestringsnivå

Tabell 17 viser at del elevar på **mestringsnivå 1** (9. trinn) i **rekning** er redusert frå haust 2015 (4,5 %) til haust 2016 (2,7 %), og ligg under nivå for fylket og landet.

5.6 VURDERING

Resultat vurdert opp mot mål sett for grunnskulen viser ei positiv utvikling. Felles mål for skulane er 1) Betre resultat på nasjonale prøvar i lesing over fylkesnivå etter 2015, 2) Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing og 3) Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i rekning.

Utviklinga på 8. trinn 2015-2016 til 9. trinn 2016-2017 er positiv for både lesing og rekning. I lesing ligg resultat for 9. trinn over nasjonalt nivå. Del på nivå 1 i lesing og rekning er redusert. Mykje kan tyde på at dei innsatsområda som er valt for skulane bør halde fram. Endring knytt til utviklingsarbeid i skulane bør har eit langsigkt perspektiv.

6 RESSURSAR

Kapittelet omhandlar oversikt over ressursinnsatsen som nyttast i skulane sin tenesteproduksjon. Å samanlikne ressurssituasjonen mellom kommunar bør gjerast med varsemd, fordi ressurssituasjonen vert påverka av bakanforliggjande forhold som skulestruktur og kommunestorleik. Tema vert driftsutgifter per elev, gruppe-/klassestorleik og del av elevar med spesialundervisning.

6.1 DRIFTS- OG LØNSUTGIFTER

Indikator og nøkkeltall	2014-2014	2015-2015	2016-2016
Driftsutgifter per elev - Lindås kommune	114 116	118 820	126 876
Driftsutgifter per elev - Meland kommune	96 127	101 630	109 171
Driftsutgifter per elev - Osterøy kommune	109 961	114 404	123 556
Driftsutgifter per elev - Radøy kommune	115 539	116 162	118 981
Lønnsutgifter per elev - Lindås kommune	96 769	100 088	104 010
Lønnsutgifter per elev - Meland kommune	82 540	85 901	94 748
Lønnsutgifter per elev - Odda kommune	104 399	107 098	110 867
Lønnsutgifter per elev - Osterøy kommune	92 748	95 434	101 920
Lønnsutgifter per elev - Radøy kommune	93 968	93 313	95 414
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev - Lindås kommune	745	699	470
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev - Meland kommune	194	463	381
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev - Osterøy kommune	269	276	266
Driftsutgifter til inventar og utstyr per elev - Radøy kommune	656	473	535
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev - Lindås kommune	1 655	1 603	1 770
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev - Meland kommune	1 515	1 646	1 573
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev - Osterøy kommune	1 320	1 371	1 474
Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev - Radøy kommune	1 920	1 555	1 601

Tabell 20 Driftsutgifter

Meland ligg lågast på driftsutgifter per elev samanlikna med nabokommunane Lindås, Osterøy og Radøy. Meland er tilnærma lik Radøy når det gjeld lønsutgifter per elev, og begge har lågare lønsutgifter per elev enn Lindås og Osterøy. Driftsutgifter inventar og utstyr per elev er svært låg samanlikna med Lindås kommune. Av dei kommunane me samanliknar med her, er det berre Osterøy som ligg lågare enn Meland. Driftsutgifter til undervisningsmateriell per elev ligg Meland tilnærma lik Osterøy og Radøy kommune.


6.2 ÅRSVERK, LÆRARTETTLEIK, GODKJENT UTDANNING OG UNDERSVINGSTIMAR

Indikator og nøkeltall	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Antall elever per årsverk til undervisning - Meland kommune	12,1	11,8	11,2
Antall elever per årsverk til undervisning - Hordaland fylke	12,6	12,5	12,5
Antall elever per årsverk til undervisning - Nasjonalt	12,3	12,3	12,3
Lærertetthet 1.-7. trinn - Meland kommune	13,2	12,5	11,9
Lærertetthet 1.-7. trinn - Hordaland fylke	13,5	13,4	13,4
Lærertetthet 1.-7. trinn - Nasjonalt	13,4	13,4	13,4
Lærertetthet 8.-10. trinn - Meland kommune	13,1	13,4	12,6
Lærertetthet 8.-10. trinn - Hordaland fylke	14,7	14,9	14,9
Lærertetthet 8.-10. trinn - Nasjonalt	14,3	14,2	14,2
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning - Meland kommune	100,0	99,9	99,9
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning - Hordaland fylke	98,9	98,8	98,3
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning - Nasjonalt	97,0	96,4	95,9
Undervisningstimer totalt per elev - Meland kommune	59	61	64
Undervisningstimer totalt per elev - Hordaland fylke	57	57	57
Undervisningstimer totalt per elev - Nasjonalt	58	58	58

Tabell 21 Undervisningspersonell


Indikator i tabell 19 som omhandler lærartettleik vert berekna med utgangspunkt i tilhøva mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og timar til særskilt norskopplæring for språklege minoritetar. **Gruppestørleiken** er mindre i Meland (for både 1.-7. trinn og 8-10.trinn) samanlikna med Hordaland og nasjonalt nivå. Timar kommunen har til spesialundervising og deling bokmål og nynorsk kan vere ei årsaksforklaring. **Undervisningstimar per elev** er høgare i Meland samanlikna med Hordaland og nasjonalt nivå. Mogleg årsaksforklaring er språkdeling, små klasser og spesialundervisning. Del med **godkjent utdanning** er høg i Meland samanlikna med nivå for landet.

6.3 SPESIALUNDERVISNING



Tabell 22 Andel elevar med spesialundervisning av alle elevar (offentleg skule)

Tabell 21 viser del elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning (gjeld berre elevar i offentlege skular). Del elevar med spesialundervisning er på 10,9 når tale frå friskulen (Danielsen ungdomsskule) er inkludert. Sjølv om delen er høg samanlikna med heile landet, har det vore ein nedgang frå dei to føregåande åra.




Tabell 23 Andel timer til spesialundervisning av antall timer totalt (inkludert friskulen), Kostra

Tabell 22 viser del timar til spesialundervisning i forhold til samla tal lærartimar i grunnskulen. Friskulane er inkludert frå 2010. For Meland har det vore stor variasjon frå 2004 og til i dag, med lågast del i 2006 og 2010. Tala er lågare om ein ikkje tek med friskulen. Då ligg andelen nærmere nivå for fylket og landet elles på ca 17 %. Andelen er likevel høg.

Mål for kommunen er å styrke den ordinære undervisninga, og redusere talet på elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning. Dette omstillingssarbeidet er eit utviklingsarbeid og vil sikre meir effektiv drift, ikkje eit tiltak for å ta ned kostnadene. Ein av fleire drivrar bak ein slik auke på spesialundervisning, er dei økonomiske. For å snu denne utviklinga er skulane avhengig av dei ikkje tapar økonomisk dersom dei klarar å redusere talet på elevar med spesialundervisning. Det er viktig å få fram at tilpassa opplæring skal vere ein del av den ordinære undervisninga.

7 OVERGANG TIL VIDAREGÅENDE SKULE



Tabell 24 Obergang til vidaregåande skule

Tabell 24 viser elevar (16 år) som er registrert i vidaregåande skule same år som avslutta grunnskule. Meland ligg høgt (99,0) samanlikna med kommunegruppa og nasjonalt nivå.

8 SYSTEM FOR OPPFØLGING

Kommunen skal som nemnt i kap. 2 ha eit **forsvarleg system** for å vurdere av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, og følgje opp resultata frå vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar. I punkt under vert kommunen sitt forsvarlege systemet skildra. Det nye i år er KS sitt utviklingsprogram «*Den gode skule- og barnehageeigar*» som kommunen deltek med åtte deltagarar.

8.1 INTERNKONTROLL

Kommunen har eit system for [Internkontroll](#) for grunnskulen. Systemet skal sikre at skulane og kommuneadministrasjonen jamleg kontrollerer at praksis er i samsvar med lovkrav i opplæringslova.

Det vert gjennomført risikovurderinger og vurderingar vert følgt opp med korrigende tiltak. Skulefagleg seniorrådgjevar gjennomfører årleg resultatoppfølging og internkontroll med kvar rektor om elevane sitt læringsmiljø. Formålet er å sjekke om praksis er i samsvar med opplæringslova, og saman vurdere behov for korrigende tiltak. Tiltak kan variere mellom skulane og noko vert felles. Tiltak som den einskilde skule set inn, vurderer rektor saman med skulefagleg seniorrådgjevar året etter.

8.2 KOMPETANSE OG PROFESJONSFELLESSKAP

Skuleeigar har ansvar for å ha rett og nødvendig kompetanse i skulen. Skuleeigar skal ha eit system som gir undervisningspersonale, skuleleiarar og personale med særoppgåver i skuleverket høve til nødvendig kompetanseutvikling, med sikte på å fornye og utvide den faglege og pedagogiske kunnskapen og å halde seg orienterte om og vere på høgd med utviklinga i skulen og samfunnet (Opplæringslova § 10-8).

I ny overordna del – verdiar og prinsipp – for grunnopplæringa (fastsatt 1. september 2017, dato for når den trer i kraft er ikkje satt enno) les ein at «*Skolen skal være et profesjonsfaglig fellesskap der lærere, ledere og andre reflekterer over felles verdier, og vurderer og vidareutvikler sin praksis.*»



Gjennom kommunen sitt realfagsnettverk for skule- og barnehage får pedagogar og skule- og barnehageeigarar dele gode praksisforteljingar, blir retteleia av Høgskulen på Vestlandet og planlegg endringar på eigen skule (HVL).

Kompetanseutviklingstiltak i Meland skal auke det samla kompetansenivået til lærarar og skuleleiarar i kommunen, både i form av vidareutdanning, etterutdanning og faglege nettverk. Prioritering av kompetansetiltak skal vere i tråd med nye kompetansekrav (nasjonalt), lokale satsingsområde og skulane sine behov.

8.3 STRATEGIDOKUMENT

Det er utarbeidd eit felles strategidokument for alle tenesteområda. Eit slik dokument gjer planlegging av nye tiltak, prosjekt og midlar lettare. Det vil også vere eit dokument som gir informasjon til skuleigar, føresette og tilsette om kva for nokre satsingsområde som vil vere gjeldande. Skulen vil revidere sin plan haust 2017.

8.4 REKTORMØTE


Rektormøtet har årshjul der faste tema vert drøfta og følgt opp. Døme på slike tema er eleven sitt læringsmiljø, førebuing til nasjonale prøvar, gjennomgang av resultat nasjonale prøvar, dei ulike satsingsområda, elevane sitt læringsutbytte, lokalt læreplanarbeid m.m. Rektorane har jamleg oppfølging i personalet når det gjeld resultat etter nasjonale prøvar og brukarundersøkingar, og gjer eit systematisk og grundig arbeid på dette området.

8.5 «KOM NÆRARRE» - DIALOGBASERT STYRING

Kommunen deltek i utviklingsprogrammet *«Den gode skule- og barnehageeigar»*. Formålet er å lukkast meir med dialogbasert styring. Saman skal vi konstruere ei felles mening (tanke) om innhald og kvalitet i skule og barnehage. Gruppa som deltek på utviklingsprogrammet ønskjer å skape trygge arenaer for dialog, slik at ein kan utvikle kunnskap om skulen saman. Workshop som vart gjennomført i Utval for levekår 30.mai 2017 med tema «Trygt og godt skolemiljø», er døme på ein dialogarena som bidrar til brei kunnskapsutvikling.

8.6 INNSATSOMRÅDE - KORRIGERANDE TILTAK

Resultat frå vurderingar i skulane gir grunnlag for å halde fram med dei same utviklingsområda. I punkta under vert det skissert innsatsområde som er felles for alle skulane og som alle skulane forpliktar seg til.



8.6.1 ELEVANE SITT PSYKOSOSIALE SKULEMILJØ

Stortinget har vedtatt nytt regelverk om skulemiljø i § 9a i Opplæringslova. Det nye regelverket gjeld fra 1. august 2017. Utanningsdirektoratet har laga eit nytt rundskriv (Udir – 3 – 2017) som gir informasjon om kva skulen skal gjere om ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, og om elevar og foreldre sine muligheter til å melde saker til fylkesmannen. Det vert sett av tid til informasjon og kompetanseheving for å innfri lovkrav og sikre trygt og godt miljø for elevane.

Skulane sine handlingsplanar som skal sikre «Trygt og godt psykososialt miljø på skulane - fri for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering» skal vere dynamiske dokument. Det vil sei at dei årleg evaluerer, testar og justerer planen.

Kommunestyrer har i sak nr. 92/2017 vedteke å opprette eit prosjekt med namnet «Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø». Vedtaket er ei oppfølging av workshop gjennomført i Utval for levekår 30. mai 2017. Prosjektet sine to hovudmål (overordna mål) er 1) Sikre barn og unge eit trygt og godt skule- og oppvekstmiljø og 2) sikre nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

8.6.2 SATSING PÅ REALFAG

Utdanningsdirektoratet har valt ut Meland kommune som realfagskommune, og kommunestyret vedtok realfagsstrategi mai 2017. Overordna mål i [realfagsstrategien](#) er:



Det viktigaste tiltaket i strategien er at skular og barnehagar prøver ut nye metodar i eigen praksis, og deler læringspunkt med personalet og i realfagsnettverket. Høgskulen på Vestlandet er faglege rettleiarar i kommunen sitt realfagsnettverk og ute i skular og barnehagar. Alle skulane vil i perioden 2018-2020 ta i bruk «Realfagsløyper». Realfagsløyper er kompetanseutviklingspakker som barnehagar og skular kan ta i bruk i lokalt utviklingsarbeid.

8.6.3 SATSING PÅ LESING

Kommunen har laga felles leseplan for skulane. Mål med felles leseplan er å sikre at skulane er meir samkjørte, og at nyare forsking av kva som verkar vert lagt inn i ei felles plan. Som ein del av det å implementere felles leseplan ,vil Leselos vere eit sentralt verkemiddel. Leselos er et observasjonsverktøy som er berekna på å støtte elevane si leseutvikling. Alle skulane vil i perioden

2016-2019 ta i bruk «Språkløyper». Språkløyper er kompetanseutviklingspakker som barnehagar og skular kan ta i bruk i lokalt utviklingsarbeid.

8.6.4 SATSING PÅ TIDLEG INNSATS OG TILPASSA OPPLÆRING

Rådmannen har tatt initiativ til eit prosjekt som skal styrke arbeid med tilpassa opplæring, og redusere delen av elevar som får vedtak om spesialundervisning. Målet er å tidleg fange opp elevar som treng ekstra støtte i si læring, og kunne setje inn rett tiltak til rett tid. Skulane vil bruke øyremerka midlar frå staten til å styrke lærarressursane på 1.-4. trinn. Lærarane sin kompetanse skal styrkast, dei skal prøve ut ny praksis, og skulane skal sjå på alternative måtar å organisere spesialundervisninga på.